

Resultatrekneskap

Alle tall i 1000 NOK

Helse Førde HF

	Note	2 022	2021
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Basisramme	2,3	2 262 223	2 121 235
Aktivitetsbasert inntekt	2,3	917 049	906 337
Anna driftsinntekt	2,3	142 953	171 101
Sum driftsinntekter		3 322 225	3 198 673
Kjøp av helsetenester			
Kjøp av helsetenester	4	173 523	163 324
Varekostnad	5	339 338	353 374
Lønn og andre personalkostnader	6,15	2 212 685	2 103 319
Ordinære avskrivinger	9	98 719	86 084
Andre driftskostnader	7,9	490 565	465 754
Sum driftskostnader		3 314 831	3 171 856
Resultat frå drifta		7 394	26 817
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter	8	3 459	1 774
Andre finanskostnader	8	7 297	2 384
Netto finansresultat		-3 837	-610
RESULTAT FOR ÅRET		3 556	26 207
Overført annan egenkapital	14	3 556	26 207
Sum overføringer:		3 556	26 207

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Helse Førde HF

EIGEDLAR	Note	2022	2021
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	9	1 321 466	1 362 330
Medisinskteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l	9	211 320	209 858
Anlegg under utføring	9	663 424	314 431
Sum varige driftsmidler		2 196 210	1 886 619
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjer og partar	10	152 290	142 674
Pensjonsmidlar	15	282 017	215 187
Sum finansielle anleggsmidler		434 307	357 861
Sum anleggsmidler		2 630 517	2 244 480
Omløpsmidlar			
Varer	11	15 182	16 098
Krav	12,22	140 671	310 569
Bankinnskott, kontantar og liknande	13	83 686	82 496
Sum omløpsmidlar		239 539	409 163
SUM EIGEDLAR		2 870 056	2 653 643

Balanse

Alle tall i 1000 NOK

Helse Førde HF

	Note	2022	2021
EIGENKAITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Føretakskapital	14	100	100
Annan innskoten eigenkapital	14	1 639 926	1 639 926
Sum innskoten eigenkapital		1 640 026	1 640 026
Opptent eigenkapital			
Annen eigenkapital	14	-438 315	-441 872
Sum opptent eigenkapital		-438 315	-441 872
Sum eigenkapital		1 201 711	1 198 154
Gjeld			
Andre avsetningar for forpliktingar	16	84 272	78 589
Sum avsetningar for forpliktingar		84 272	78 589
Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	17	910 703	717 977
Sum anna langsiktig gjeld		910 703	717 977
Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		994 975	796 566
Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		157 803	163 297
Anna kortsiktig gjeld	18,22	515 568	495 626
Sum kortsiktig gjeld		673 371	658 923
Sum gjeld		1 668 346	1 455 489
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		2 870 056	2 653 643

Førde, 28.03.2023
Styret for Helse Førde HF

Ole Gunnar Krakhellen
Styreleiar

Anne Sissel Faugstad
Nestleiar i styret

Aud Ingrid Espeland
Styremedlem

Kari Sunde Kville
Styremedlem

Reidar Sandal
Styremedlem

Marit Hermansen
Styremedlem

Thomas Vingen Vedeld
Styremedlem

Ivar Eriksen
Styremedlem

Lena Thorsnes
Styremedlem

Torfinn Heggland
Styremedlem

Randi Aven
Styremedlem

Arve Varden
Daglig leiar

Kontantstrømoppstilling

Helse Førde HF

Alle tall i 1000 NOK

	2022	2021
KONTANTSTRÅMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Årsresultat	3 556	26 207
Tap/vinst ved sal av anleggsmidler	353	-
Ordinære avskrivningar	98 719	86 084
Endring i omløpsmidlar	170 814	82 774
Endring i kortsiktig gjeld	14 448	92 150
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	-66 830	-124 898
Inntektsført investeringstilskot	-4 023	-6 500
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	217 037	155 817
KONTANTSTRÅMER FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidler	2 450	
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel	-411 113	-291 237
Utbetalingar ved kjøp av andre finansielle egedelar	-9 616	-8 992
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-418 279	-300 229
Innbetaling ved opptak av ny langs. Gjeld	210 122	166 791
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-17 395	-15 175
Innbetaling av investeringstilskott	3 788	3 432
Endring andre langsiktige forpliktingar	5 919	133
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	202 434	154 915
Netto endring i likviditet	1 190	10 504
Likvide midlar 01.01	82 496	71 992
Likvide midlar 31.12	83 686	82 496
Herav skattetrekk og andre bundne midlar	76 031	76 215
Unytta trekkramme pr 31.12	473 500	417 500
Likviditetsreserve 31.12	7 655	6 281
Innvilga kredittramme 31.12.	473 500	417 500

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2022 er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998, jf. lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningslinjer gjevne av eigar.

Helse Førde HF vart stifta 01.01.02 etter lov om helseføretak. På same tida vart anleggsmiddel og forpliktingar netto kroner 1 711 066 178 overført til Helse Førde HF som eit tingsinnskot.

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkeleg verdi for anleggsmidlane.

I opningsbalansen er bruksverdi sett til attkjøpsverdi redusert for slit og elde og justert for teknisk standard. Der det på overtakingstidspunktet var kjent at bygga ikkje ville verte tatt i bruk eller berre tatt i bruk for ein kortare periode, er verdien på opningsbalansen redusert. For bygg og tomter er denne verdien basert på takstar utarbeidde av uavhengige miljø hausten 2001.

Konsolidering

Helse Førde HF går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen vert utlevert på forespørsel ved å vende seg til Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, 4034 Stavanger.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar er regnskapsførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatførte når dei er opptente, og kostnader vert samanstilte med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring

Driftsinntektene kan deles i tre: Fast grunnfinansiering (basis) frå eigar, aktivitetsbasert finansiering og andre driftsinntekter. Inntekter frå Helse- og omsorgsdepartementet som går via det regionale helseføretaket, er bruttoførte i Helse Vest RHF.

Grunnfinansiering

Grunnfinansieringa utgjer basisramme drift. Grunnfinansieringa vert tildelt føretaka frå Helse Vest RHF som fast løyving til drift og investering i føretaket. Grunnfinansieringa vert inntektsført i det regnskapsåret då midlane ert tildelte. Inntektsføring av basisramme gjennom året skjer i samsvar med aktivitet.

Aktivitetsbaserte inntekter

Aktivitetsbaserte inntekter består av ISF-refusjon (ISF = innsatsstyrt finansiering), polikliniske inntekter (refusjon frå Helfo og eigendelar), gjestepasientinntekter, inntekter frå sjølvbetalande pasientar og sal av laboratorie- og røntgentenester. Inntektsføringa skjer i den perioden aktiviteten er utført.

Inntekter som vedkjem pasientar busett i andre regionar som er behandla i helseføretaket, er ført i rekneskapen som gjestepasientinntekter. Inntekter som vedkjem egne pasientar behandla i andre regionar, er ført som ISF-refusjon.

Andre inntekter

Øyremerka tilskot vert inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar vert inntektsførte i same periode som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukte i samsvar med dei vilkåra eller ynskje gjevar har for bruk av midlane. Dersom gjevar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, vert gåva klassifiser som tilskot og regnskapsført etter reglane for øyremerka tilskot.

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsførte i den perioden dei vert utførte.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter vert samanstilte med og kostnadsførte samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan postar som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte som anleggsmidlar/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidlar skjer til kostpris. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid, skal avskrivast etter ein plan. Anleggsmidlar vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast vere forbigåande. Nedskrivinga vert reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld vert vist som langsiktig gjeld.

Immaterielle eigedelar, under dette forskning og utvikling

Utgifter til utvikling balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av identifiserbare immaterielle eigedelar. I motsett fall vert slike utgifter kostnadsførte løypande. Balanseført utvikling vert avskriven lineært over den økonomiske levetida. Utgifter til forskning og innovasjon vert kostnadsførte løypande. Andre immaterielle eigedelar som er forventa å gi framtidige inntekter, vert balanseførte og avskrivne over økonomisk levetid.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål, og som har varig levetid. Desse vert balanseførte til kostpris, fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidlar vert rekna som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over tre år, samt ein kostpris på over kroner 100 000.

Varige driftsmidlar vert avskrivne lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane vert tekne i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det er indikasjonar på at driftsmidlar har falle i verdi, vert driftsmidlane nedskrivne til verdien som kan attvinnast, dersom denne er lågare enn rekneskapsført verdi.

Tomter vert ikkje avskrivne då ein reknar med at dei ikkje har ei avgrensa levetid.

Investeringar i nybygg vert balanseførte etter kvart som kostnadene vert pådregne. Ved dekomponering av balanseførte kostnader til nybygg vert reelle kostnader for dei ulike bygningsdelane lagt til grunn. Finansieringsutgifter ved tilverking av egne driftsmidlar vert balanseførte.

Påkostnader eller forbetringar vert lagde til kostprisen til driftsmiddelet og avskrivne i takt med driftsmiddelet, medan utgifter til vedlikehald og reparasjonar vert kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidlar vert vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Eigenkapitalinnskott i KLP

Eigenkapitalinnskott i KLP er separate finansielle eigedelar og vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta, går fram av note om pensjonar. Pensjonsordningane til helseregionane, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar vert utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av løn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting vert balanseført som avsetjing for forpliktingar, medan overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordring i balansen. Arbeidsgjevaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar vert fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar), er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i løn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning på pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgjevaravgift.

Uvissa er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforpliktinga som kjem fram i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid, og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønskostnaden.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsette til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Smittevernustyr mottatt vederlagsfritt i forbindelse med nasjonal fordeling og distribusjon til kommunar og sjukehus i 2020, 2021 og 2022, er verdsett til anskaffelseskost for tilsvarende varer i høve føretakas avtalepris med leverandørar.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til venta tap. Avsetjing til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetjing for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetjing for. Den sjablongmessige avsetjinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, vert det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndelinga i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det vert presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemte mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Konsernkontoordning

Det er etablert konsernkontoordning i SR-bank. Innskot og gjeld innanfor denne ordninga er i rekneskapen for føretaket klassifisert som kortsiktig krav/gjeld til Helse Vest RHF.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap vert førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt

Helseføretaket er ikkje skattepliktig etter statsføretakslova.

Note 2 Rapportering frå verksemda

Driftsinntekter for kvart verksemdsområde

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Somatiske tenester	2 193 992	2 070 713
Psykisk helsevern, voksne	429 413	463 262
Psykisk helsevern, barn og unge	119 925	129 192
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	101 692	117 111
Anna	477 203	418 395
Sum driftsinntekter	3 322 225	3 198 673

Verksemdsområde kalla «Anna» omfattar i hovudsak kostnader og inntekter knytt til ambulanse, pasienttransport, samt kostnader og inntekter som ikkje er del av spesialisthelsetenesta.

Driftskostnader for kvart verksemdsområde

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Somatiske tenester	2 220 371	2 155 842
Psykisk helsevern, voksne	422 769	390 352
Psykisk helsevern, barn og unge	118 221	104 841
Tverrfagleg spesialisert rusbehandling	98 220	85 960
Anna	455 250	434 861
Sum driftskostnader	3 314 831	3 171 856

Driftsinntekter fordelt på geografi

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Helse Vest sitt opptaksområde	3 286 987	3 163 365
Resten av landet	33 911	33 905
Utlandet	1327	1 402
Sum	3 322 225	3 198 673

Note 3 Driftsinntekter

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Basisramme		
Basisramme	2 262 223	2 121 235
Aktivitetsbasert inntekt		
Behandling av egne pasientar i eigen region	690 332	682 553
Behandling av egne pasientar i andre regionar	32 990	32 341
Behandling av andre sine pasientar i eigen region	33 911	33 905
Poliklinikkinnntekter	139 618	146 702
Utskrivingsklare pasientar	1 327	1 402
Anna aktivitetsbasert inntekt	18 870	9 433
Anna driftsinntekt		
Kvalitetsbasert finansiering	12 671	10 960
Øyremerka tilskot til andre føremål	69 607	95 865
Investeringsstilskot ført til inntekt	4 023	6 500
Andre driftsinntekter	56 652	57 776
Sum	3 322 225	3 198 672

I samband med pandemien har Helse Førde HF i 2022 fått 40,5 millionar i ekstra løyvingar for å dekke ekstra kostnader og tapt aktivitetsbaserte inntekter. Tilsvarande ekstraløyvingar i 2021 var 70 millionar kroner. I tillegg har vi fått tildelt 47,5 millionar i auka basisramme jf. omgrupperingsproposisjon for nødvendige investeringar og vedlikehald.

Smittvernustyr finansiert av Helsedirektoratet er i 2022, 2021 og 2020 mottatt vederlagsfritt. Forbruk av smittevernustyr på 2,9 mill. i 2022 mot 8,2 mill. kroner i 2021 er inntektsført som eit øyremerka tilskot til andre føremål.

Aktivitetstal

	2022	2021
Aktivitetstal somatikk		
Talet på DRG-poeng ifølge sørge-for-ansvaret	27 970	28 221
Talet på DRG-poeng ifølge eigaransvaret	27 177	27 423
Talet på polikliniske konsultasjonar	128 560	132 542
Aktivitetstal psykisk helsevern for barn og unge		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	116	90
Talet på polikliniske opphald	18 613	18 221
Talet på DRG-poeng ifølge eigaransvaret	5 202	6 079
Aktivitetstal psykisk helsevern for vaksne		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	771	702
Talet på polikliniske opphald	24 611	22 410
Talet på DRG-poeng ifølge eigaransvaret	4 453	3 472
Aktivitetstal tverrfagleg spes. rusbehandling		
Talet på utskrivne pasientar frå døgnbehandling	206	174
Talet på polikliniske opphald	2 556	2 517
Talet på DRG-poeng ifølge eigaransvaret	453	431

Note 4 Kjøp av helsetenester

<i>Heile 1000 kroner</i>	2022	2021
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar somatikk	96 952	98287
Kjøp frå private helseinstitusjonar somatikk	944	-255
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar psykiatri	6 393	7120
Kjøp frå private helseinstitusjonar psykiatri	1 016	971
Kjøp frå offentlege helseinstitusjonar rus	828	230
Kjøp frå private helseinstitusjonar rus	2 115	1633
Kjøp frå utlandet	5	0
Sum gjestepasientkostnader	108 253	107 986
Innleie av helsepersonell frå vikarbyrå	41 891	34965
Kjøp av andre ambulansetenester	20 732	17064
Andre kjøp av helsetenester (inkl. avtalespesialistar)	2 647	3309
Sum kjøp av andre helsetenester	65 270	55 338
Sum kjøp av helsetenester	173 523	163 324

Note 5 Varekostnader

<i>Heile 1000 kroner</i>	2022	2021
Legemiddel	203 805	206 576
Medisinske forbruksvarer	107 953	118 234
Andre varekostnader til eige bruk	26 578	28 301
Innkjøpte varer for videresal	1 003	263
Sum varekostnader	339 338	353 374

Note 6 Løn og andre godtgjersler

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Lønskostnader	1 697 771	1 605 268
Arbeidsgjevaravgift	227 034	216 832
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgjevaravgift	280 097	277 178
Andre ytingar	17 634	14 017
- Balanseførte lønskostnader egne tilsette	-9 852	-9 975
Sum løn- og personalkostnader	2 212 685	2 103 319
Gjennomsnittleg tal på tilsette	3 103	3 062
Gjennomsnittleg tal på årsverk	2 444	2 438

Leiarlønsrapport

Med bakgrunn i endra reglar om leiarløn i allmennaksjelova, fastsette Nærings- og fiskeridepartementet nye retningsliner for leiarløn i føretak med statleg eigardel 30.04.2021.

Nye retningsliner for leiarløn følger asal § 6-16b og forskrift. Dette inneber at det skal leggst fram eigen lønsrapport for ordinært føretaksmøte frå og med 2023.

Rapporten tilfredstiller krava i rekneskapslova til opplysingar om ytingar til leiande tilsette, og erstattar tidlegare noteinformasjon om leiarløn og godtgjersle til styret.

Godtgjersle til revisor

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Revisjon etter lova	400	491
Utvida revisjon	95	0
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	12	0
Sum honorar til revisor	507	491
Honorar til revisor i høve til inngått avtale	400	400

Honorar er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

Note 7 Andre driftskostnader

<i>Heile 1000 kroner</i>	2022	2021
Transport av pasientar	112 944	114 618
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	55 281	54 787
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv.	36 742	31 683
Reparasjon, vedlikehald og service	41 864	47 970
Konsulenttenester	10 057	8 752
Anna ekstern teneste	170 716	160 097
Kontor- og kommunikasjonskostnader	11 441	10 854
Kostnader i samband med transportmiddel	11 713	8 871
Reisekostnader	21 941	13 264
Forsikringskostnader	1 321	1 162
Pasientskadeerstatning	67	-2 207
Andre driftskostnader	16 479	15 902
Sum andre driftskostnader	490 566	465 753

Note 8 Finanspostar

<i>Heile 1000 kroner</i>	2022	2021
Interne renteinntekter i føretaksgruppa	1 665	1 062
Andre renteinntekter	1 771	696
Andre finansinntekter	23	16
Sum finansinntekter	3 460	1 774
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	7 184	2 126
Andre rentekostnader	86	157
Andre finanskostnader	27	101
Sum finanskostnader	7 297	2 384

Note 9 Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar**Varige driftsmidlar***Heile 1000 kroner*

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
Kostpris 01.01	92 090	2 508 024	314 431	475 532	205 084	3 595 161
Tilgang i året	-	16 446	345 798	23 991	24 905	411 140
Tilgang verksemdoverføring	-	-	-	-	-	-
Avgang i året	- 2 801	-	-	-	- 2 436	5 237
Frå anlegg til utføring	-	- 3 195	3 195	-	-	-
Kostpris 31.12	89 289	2 521 275	663 424	499 523	227 553	4 001 064
Akk. avskrivningar 31.12	-	1 253 843	-	374 468	141 288	1 769 599
Akk. nedskrivningar 31.12	15 255	20 000	-	-	-	35 255
Balanseført verdi 31.12	74 034	1 247 432	663 424	125 055	86 265	2 196 210
Ordinære avskrivningar i året		51 314	-	29 820	17 585	98 719

Balanseførte lånekostnader	4 796	4 796
----------------------------	-------	-------

Levetider	15-60år	4-15år	3-17år
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær

Leigeavtaler

Heile 1000 kroner

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transport-middel, inv.og utstyr	Sum
Leigebeløp		28 830		767	3 868	33 465
Rest leigetid		0-9år		0-3år	3-15år	

Langsiktige byggeprosjekt

Heile 1000 kroner

Investeringsprosjekt	Akk. rekn.per 31.12. i år	Akk. rekn.per 31.12. i fjor	Tot. Kostn. ramme	Prognose sluttsum	Avvik fra budsjett	Planlagt ferdigstilt år
Nye Førde sjukehus	1 045 920	705 600	1 975 000	1 975 000	-	2025

Note 10 Eigardeler i tilknytte selskap og andre aksjar/partar

Investeringar i aksjar og partar

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Andre aksjar og partar	50	50
Eigenkapitalinnskot i KLP	152 240	142 624
Sum investeringar i andre aksjar og partar	152 290	142 674

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet verte betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

Note 11 Varelager*Heile 1000 kroner*

	2022	2021
Varer for videresal:		
Varelager til eige bruk	15 182	16 098
Sum varelager	15 182	16 098
Kostpris lager	15 182	16 098
Bokført verdi 31.12	15 182	16 098

Smittevernustyr mottatt vederlagsfritt i forbindelse koronapandemien og nasjonal fordeling og distribusjon til kommunar og sjukehus utgjer kr 2,8 millionar for 2022 mot kr 4,2 millionar i 2021 og inngår i varebeholdninga. Smittevernustyret er verdsett til avtalepris for tilsvarande varer.

Note 12 Kundekrav og andre krav*Heile 1000 kroner*

	2022	2021
Kundekrav	22 172	22 382
Konsernkonto	47 456	280 280
Krav på føretak i føretaksgruppa	53 065	-6 272
Andre kortsiktige fordringar	17 977	14 179
Sum fordringar	140 670	310 569

Endring i avsetjing tap på kundekrav:

Avsett for tap på krav per 1.1.	4 650	4 290
Endring i året i avsetjing tap på kundekrav	-590	360
Avsett for tap på krav 31.12	4 060	4 650
Konstaterte tap på krav i året	2 293	982

Kundekrav har følgjande fordeling på forfall:

Krav som ikkje er forfalne	49 521	16 662
Forfalne krav 1 - 30 dagar	1 559	270
Forfalne krav 31 - 60 dagar	1 824	225
Forfalne krav 61 - 90 dagar	579	312
Forfalne krav over 90 dagar	6 108	4 914
Kundefordringar pålydande per 31.12.	59 591	22 382

Note 13 Kontantar og bankinnskot*Heile 1000 kroner*

	2022	2021
Skattetrekksmidler	76 031	76 215
Sum bundne kontantar og bankinnskot	76 031	76 215
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	7 655	6 281
Sum kontantar og bankinnskot	83 686	82 496

Helse Vest har konsernkontoordning i SpareBank 1 SR-Bank ASA. Helse Vest RHF har driftskreditt i Norges Bank.

Note 14 Eigenkapital*Heile 1000 kroner*

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	100	1 639 926	-441 872	1 198 154
Korr. av feil i tidl.års rekn.	-	0	0	0
Eigenkapital pr 01.01 i år	100	1 639 926	-441 872	1 198 154
Eigenkapitalstransaksjonar	-	0	0	0
Minoritetsinteresse	-	0	0	0
Resultat dette året	-	0	3 556	3 556
Eigenkapital 31.12.12	100	1 639 926	-438 316	1 201 710

Føretakskapitalen består av 1 part lydande på kr 100 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar	2 022	2 021	2002-2022
Årsresultat	3 556	26 207	-450 917
Overført frå strukturfond			92 104
Korr. for endra levetider			142 777
Korrigert resultat	3 556	26 207	-216 036
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*	0	0	18 948
Resultat jf. økonomiske krav	3 556	26 207	-197 088
Resultatkrav	30 000	34 000	119 119
Avvik frå resultatkrav	-26 444	-7 793	-316 207

Note 15 Pensjonsforplikting*Heile 1000 kroner*

	2022	2021
Oppsamla pensjonsforplikting	6 328 754	6 244 206
Pensjonsmidlar	5 385 051	5 368 619
Netto pensjonsforplikting	- 943 703	- 875 587
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	- 124 852	- 115 840
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	1 350 572	1 206 615
Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift	282 017	215 188
Av dette balanseført netto pensjonsmidlar inkl. aga.	282 017	215 188
Av pensjonsmidlar utgjer premiefond	262 742	225 417
Spesifikasjon av pensjonskostnad:		
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	273 651	242 584
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	122 333	99 625
Brutto pensjonskostnad i året	395 984	342 209
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	- 201 178	- 150 243
Administrasjonskostnader	9 278	9 131
Netto pensjonskostnad inkl. administrasjonskostnad	204 084	201 097
Aga netto pensjonskostnad inkl. adm. kostnad	27 000	26 605
Resultatført aktuarielt tap (vinst)	38 907	39 803
Resultatført aga av aktuarielt tap (vinst)	8 644	8 328
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	278 635	275 833
Andre pensjonskostnader*	1 462	1 343
Sum pensjonskostnader	280 097	277 176

Økonomiske føresetnader:

Diskonteringsrente	3,00	1,90
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	5,10	3,70
Årleg vekst i løn	3,50	2,75
Årleg pensjonsregulering	2,63	1,73
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,25	2,50
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	2 757	2 700
Talet på oppsette personar med i ordninga	4 676	4 460
Talet på pensjonistar med i ordninga	2 122	1 993

Spesifikasjon av premiefond

Saldo 1.1.	225 417	115 742
Tilført premiefond	97 115	149 046
Uttak fra premiefond	- 59 790	- 39 370
Saldo per 31.12.	262 742	225 418

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstillar krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødde før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødde frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, vert pensjonane samordna med utbetaling frå folketrygda. Det vert ikkje opptent pensjon for løn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlege helseføretak i KLP inngår i ein fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon, inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet vart einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regnskapsstiftelsen gav ut eiga rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane for 2022. Delar av pensjonsreforma er framleis ikkje ferdig. Stortingets vedtak 50 (2021-2022) av 17. mars 2022 om endra regulering av løpande alderspensjonar er tatt inn i berekningane frå om med 2022.

Sidan endeleg vedtak om ny offentlig AFP ikkje ligg føre, angjev rettleiaren at man også for årskulla 1963 og yngre reknar forplikting etter dagens AFP ordning. Det er lagt til grunn same føresetnader om uttak av AFP som tidlegare år.

Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2022 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2023. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2022. Regnskapsstiftelsen endra i 2020 metodikken for fastsetjing av forventa avkastning på pensjonsmidlane. Avkastninga bør nå fastsetjast av kvar leverandør for deira portefølje basert på aktivklassene denne er investert i. For leverandørane til dei statlege helseføretaka gjev aktiva-allokeringa ei forventa avkastning på 5,1 prosent.

Demografiske føresetnader:

	31.12.2022	31.12.2021
Nytta tabell over dødelighet	KLP2021	KLP2021
Nytta tabell for uførefrekvens	KU2021	KU2021
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang for sjukehuslegar og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	7,5	5	3	0

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik

I samsvar med god regnskapsskikk, nyttar Helse Vest reglane om "korridor" og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimatavvik utover "korridoren" resultatførast med 1/12-del.

Note 16 Avsetjing for langsiktige forplikingar

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Investeringsstilskot**	35 766	36 001
Andre avsetjingar for forplikingar *	48 506	42 587
Sum avsetjing for forplikingar	84 272	78 588

*Avsetjing inkluderer overlege- og spesialiststillingar:	215	220
Det er føresett uttak med % for overlegar	54	52

Overordna leger og spesialistar har avtalefesta rett til fire månader studiepermisjon kvart femte år. Under permisjonen mottar overlegane og spesialistane løn. Løna vert kostnadsført og avsett som langsiktig forplikingar etter kvart som retten vert opparbeidd.

Det er gjort ei vurdering av løn og oppteningstid for den enkelte legen. Avsetjinga inkluderer sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift). Det er føresett uttak med 54 prosent av totalt opptente rettar.

** Investeringstilskotet vert ført til inntekt i takt med avskrivningane på den finansierte investeringa.

Note 17 Anna langsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	910 703	717 977
Sum anna langsiktig gjeld	910 703	717 977

Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	853 855	661 128
--	---------	---------

Note 18 Anna kortsiktig gjeld

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Leverandørgjeld	119 088	95 421
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	89 602	87 014
Skuldige feriepengar	189 639	182 995
Skuldig løn	53 281	51 249
Forskot frå kundar	6	2
Anna kortsiktig gjeld	63 952	78 945
Sum kortsiktig gjeld	515 568	495 626

Note 19 Bruksrettar for universitet og høgskular

Føretaket har i høve til vedtekter og tilhøyrande instruks inngått avtalar som gjev universitet og høgskular rett til å nytta lokale til undervising og forskning. Føretaksgruppa kan ikkje selje, pantsetja eller på annan måte disponere over faste eigedomar kor universitet eller høgskule har rett, utan skriftleg samtykke frå Kunnskapsdepartementet eller den departementet gir slik avgjerdsrett.

Namn	m2
Universitetet i Bergen	126
Høgskulen på Vestlandet	568

Note 20 Forsking og utvikling

Heile 1000 kroner

	2022	2021
Øyremarka tilskot frå eigar til forskning	3 629	2 705
Andre inntekter	1 327	3 253
Basisramme til forskning	19 268	14 965
Sum inntekter til forskning	24 225	20 923
Øyremarka tilskot frå eigar til utvikling	2 384	1 167
Andre inntekter til utvikling	401	996
Basisramme til utvikling	10 719	11 272
Sum inntekter til utvikling	13 504	13 436
Sum inntekter til forskning og utvikling	37 728	34 359
Kostnader til forskning – somatikk	14 522	13 012
Kostnader til forskning - psykisk helsevern	9 703	7 911
Kostnader til forskning - TSB	-	-
Sum kostnader til forskning	24 225	20 923
Kostnader til utvikling - somatikk	9540	9 738
Kostnader til utvikling - psykisk helsevern	3 964	3 697
Kostnader til utvikling - TSB	-	-
Sum kostnader til utvikling	13 504	13 436
Sum kostnader til forskning og utvikling	37 728	34 359
Talet på avlagde doktorgrader	0	4
Talet på publiserte artiklar	29	39
Talet på årsverk nytta til forskning	17	14
Talet på årsverk nytta til utvikling	12	12

Note 21 Nærstående parter

Nærstående til Helse Førde HF er definert i rekneskapslova § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlege transaksjoner med nærstående parter kjem fram i denne og andre notar i årsrekneskapen. Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 6, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i notane 22. Helse Førde HF mottar det vesentlegaste av sine inntekter frå eigar, det vil seie Helse Vest RHF.

Transaksjoner med dei andre regionale helseføretaka er i hovudsak knytt til oppgjer for gjestepasientar. Det vil seie pasientar busette i Helse Vest-regionen, og, som på grunn av mellombels opphald, fritt sjukehusval eller manglande kompetanse eller kapasitet i eigne føretak, får behandling i helseføretak utanfor Helse Vest-regionen eller i private sjukehus andre helseregionar har avtale med. Helse Førde HF sitt kjøp frå andre regioner innan dette området utgjorde 75,9 millionar kroner i 2022, mot 75,2 millionar kroner i 2021. Tilsvarende sal utgjorde 33,9 millionar kroner i 2022, mot 33,9 millionar kroner i 2021. Det vesentlegaste av gjestepasientoppgjeret er basert på avtala måtar å rekna pris. Andre transaksjonar med dei andre helseregionane er i hovudsak knytt til felles prosjekt. Det vesentlegaste av inntekter i Helse Førde HF er Helse Vest RHF si overføring av tilskot og aktivitetsbaserte inntekter. Ordinært kjøp og sal mot andre føretak i Helse Vest i 2022 utgjorde 2,86 milliardar kroner.

Medikament utgjer ein stor del av Helse Førde HF sine kostnader. Innan forskning og utvikling er det samarbeid mellom legemiddelindustrien og sjukehusa. Det regionale helseføretaket har inngått gjensidig forpliktande avtale med legemiddelindustrien omkring etikk knytt til avtaler på dette området. Avtala er bindande for helseføretaka.

Helse Førde HF har gjennomført kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlege kjøp. I Helse Førde HF er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlege for, eller kan påverke inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar, ikkje har verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

Note 22 Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Heile 1000 kroner

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	97 773		46 468	937 502
Sjukehusapoteka Vest HF	1 032		13 656	
Helse Bergen HF	1 318		15 655	
Helse Stavanger HF	170		82	
Helse Fonna HF	71		89	
Helse Vest IKT AS	157		13 654	
	100 521	-	89 604	937 502

*Langsiktig gjeld til Helse Vest inkluderer investeringstilskot som er spesifisert som «Andre avsetjingar for forpliktingar» i balansen.

Note 23 Betinga utfall

Helse Førde HF er ikkje kjend med andre forhold, her under rettssaker, potensielle offentlege pålegg eller liknande som har vesentleg innverknad på føretaket si økonomiske stilling utover dei avsetjingane som er gjort i rekneskapen per 31.12.22.